



# Kommunearkivordninga i Vestland KO

Årsrapport for 2022

# Innhald

<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>Økonomi.....</b>	<b>5</b>
<b>Organisasjon .....</b>	<b>6</b>
<b>Rådgeving.....</b>	<b>10</b>
<b>Depot.....</b>	<b>11</b>
<b>Digitalisering og ordning .....</b>	<b>14</b>
<b>Arrangement.....</b>	<b>15</b>
<b>Formidling .....</b>	<b>16</b>
<b>Satsingar og kompetanseheving .....</b>	<b>18</b>

# Innleiing

2022 var eit år prega av administrative og organisatoriske prosessar, flytting og rydding på fylkeshuset, førebuing til nytt arkivbygg på Leikanger og forsøk på å kome tilbake til normal aktivitet etter fleire år prega av pandemi og vakansar.

Som fersk fagleiar i Kommunearkivordninga i Vestland har 2022 vore eit lærerikt, utfordrande og spennande år. Det starta med fullt fokus på nytt arkivbygg og tilslutning frå medlemmane i oppgåvefellesskapet. Her vil eg sei tusen takk til alle i kommunane som har telt og kartlagt arkiv, skrive politiske saker og kjempa arkiva sin sak i dels krevjande kommunebudsjett. Vi fekk positive tilbakemeldingar frå alle kommunane innan fristen, noko som førte til at Vestland fylkeskommune forplikta seg til å bygge eit nytt arkivbygg på Leikanger. Ved utgangen av året var vi mange steg nærmare realisering av byggeprosjektet, med tomt, utkast til planteikningar og ein del grunnarbeid med tanke på økonomien allereie på plass. Vi gler oss til utlysing og byggestart i 2023.

Det at vi skal ta imot kommunane sine arkiv i nytt arkivbygg betyr også at vi må ha tett dialog om korleis kommunane kan førebu avlevering av dels store mengder analoge arkiv. Vi har i 2022 jobba med nye deponeringsinstruksar, og har gjennomført ein liten pilot med Sogndal kommune for å lage gode rutinar for kva som må skje før arkiva kan kome inn dei nye portane våre her på Leikanger. Dette kjem alle til å høyre mykje meir om i 2023.

Samtidig som vi ser at det nærar seg ei løysing på depot-utfordringa som både vi og fleire av kommunane kjenner på, har fylkeskommunen gitt oss nokre ekstra utfordringar med nybygg og rehabilitering av fylkeshus. Som medlem av Kommunearkivordninga i Vestland skal fylkeskommunen etter kvart deponere sine arkiv til våre depot. Vi har difor vore involvert i planlegging av flytting ut av mellombelse og leigde arkivlokale på Sandsli og hjå Bergen byarkiv.

På Leikanger skal fylkeshuset totalrenovert, og vi har difor tømt eldre arkivrom, rydda i arkiv, fortetta og laga meir hylleplass, og lagt planar for mellombels oppbevaring av arkiv i perioden frå 2023 til 2025. Vi kjem også til å fortette litt på folka våre, då seksjonen har fått ny innplassering i mellombelse kontorlokale i den delen av fylkeshuset som ikkje skal byggast om.

Når fylkeshuset er totalrenovert skal alle tilsette har kontorplassar desse nye lokala som vert aktivitetsbasert men med ein relativt høg andel solokontor. I det nye arkivbygget kjem vi til å stasjonar dedikert til ordningsarbeid, og nokre arbeidsstasjonar som tilsette kan bruke ved behov.

Vi jobbar heile tida for å gjere vårt beste for å hjelpe kommunane som har behov for å deponere arkiv, men i ombyggingsperioden kjem vil vi måtte prioritere dei mest kritiske sakene.

Ei anna sak vi har brukt ein del tid på i 2022 er arkivutgreiinga for Vestland. I november 2021 vedtok fylkesutvalet at fylkeskommunen skulle engasjere ein ekstern part for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke og kome med råd om framtidig organisering av

arkivinstitusjonane. Som fagleiar har eg vore del av referansegruppa, saman med leiarar frå andre arkivaktørar i Vestland. Menon Economics har hatt ansvar for utgreiinga og har kome med ein rapport der dei tilrår ei løysing dei kallar kombinasjonskonseptet. Målet med denne løysinga er å starte med konkrete forbetringstiltak internt i fylkeskommunen, inkludert rolleavklaringar mellom Kommunearkivordninga og fylkeskommunen, vidareutvikle den regionale samfunnsutviklarrolla innan arkiv, og på sikt etablere «Vestlandsarkivet» – ein ny arkivinstitusjon som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i Vestland. Styret kjem til å levere sitt høyringssvar på utgreiinga innan fristen 11. mars.

Arkivutgreiinga er også ein av grunnane til at vi har prioritert administrative og organisatoriske justeringar og endringar i 2022. Kommunearkivordninga er eige rettssubjekt, og har fått eige organisasjonsnummer. Det er ein del lovkrav knytt til rekneskap, rapportering og revisjon, og målet er at alt dette skal vere på plass innan utgangen av 2023. Vi har også begynt arbeidet med å sjå på revisjon av tenesteavtalen med Vestland fylkeskommune.

Som stiftar og eigar av KDRS - Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter – har Kommunearkivordninga i 2022 delteke i ein strategiprosess der eit av hovudspørsmåla har vore kva rolle denne organisasjonen skal ha i framtida, i eit arkivlandskap i endring. Dei to viktigaste diskusjonstema innanfor elarkiv er langtidslagring i digitale depot og innsynsløysingar. Kommunearkivordninga har delteke i eit prosjekt i regi av DigiVestland for å sjå på kva som er den optimale løysinga for innsyn i elarkiv for kommunane i Vestland fylke. Her har vi jobba for å sikre at eksisterande løysingar utvikla av aktørar som KDRS og IKA Kongsberg også vert vurdert.

Som tidlegare år jobbar vi tett saman med fageininga ikkje-offentlege arkiv (IOA). Til saman utgjer vi seksjon arkiv, og sjølv om Fylkesarkivet i Vestland ikkje er ei offisielt nemning, er det dette vi kallar oss på nett, på heimesida vår og i sosiale kanalar. På Arkivportalen og i arkivstatistikken er vi også Fylkesarkivet i Vestland. Samla har seksjonen ein tverrfagleg kompetanse som er svært viktig både for oss som fagpersonar og for kommunane som får rettleiing og tenester frå oss. Saman står vi sterke.

Det er i formidlingsarbeid og i dei tverrfaglege prosjekta vi samarbeider tettast med IOA. I 2022 ser vi dette spesielt i det skulehistoriske prosjektet Skulen min, den nye formidlingsløysinga vi skal lansere saman med UiB, lokalhistorisk webinar og i møtebokregisterprosjektet.

Eit kulturpolitisk satsingsområde i 2022 var markeringa av Skeivt kulturår, ei feiring for å dokumentere, formidle og diskutere skeiv kunst, kultur og historie. Skeive sine erfaringar, historie og kultur er ofte ikkje representert i arkiva, og er ein kvit flekk i vår felles historie. Skeiv historie er ikkje berre historia til homofile, lesbiske, bifile, transpersonar, interkjønn og andre skeive, men også historia til heile samfunnet vårt. IAO har løfta fram samlinga etter ein kvinneleg skeiv fotograf frå Sogn, medan Kommunearkivordninga leia ein panelsamtale om korleis arkiv, kulturinstitusjonar og Wikipedia kan synleggjere og formidle skeiv historie. Arrangementet var på Litteraturhuset i Bergen, og var eit samarbeid mellom Wikimedia Norge og Skeivt arkiv, og ein del av markeringa av Skeivt kulturår 2022. Deltakarane i panelet representerte mellom anna Garmeres - ein organisasjon av og for skeive samar, Nasjonalbiblioteket, lokalhistoriewiki.no og Skeivt arkiv.

Denne årsmeldinga vil gi eit bilete av økonomien, organisasjonen og breidda av aktiviteten til Kommunearkivordninga i Vestland KO i 2022. God lesing!

*Sigrun Espe, Fagleiar, Kommunearkivordninga i Vestland*

# Styret si oppsummering av 2022

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap (KAV) er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 19. Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Rekneskapen viser at vi har eit prosjektfond som sikrar vidare drift av digitaliserings- og ordningsoppdraga vi har avtalar på, og eit driftsfond som har vakse dei siste åra grunna periodar med vakansar. Målet for KAV er ikkje å gå med overskot, men å gå i null, og styret kjem til å lage ein plan for disponering av driftsfondet på ein måte som kjem heile oppgåvefelleskapet til gode dei komande åra.

Administrasjonen ved dagleg leiar har delegert ansvar for dagleg drift, og KAV vert drive i tråd med føremålet, vedtekter, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. KAV har som mål å ha eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS, kvalitet, beredskap og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er arbeidsgjevar for dei tilsette og vertskap for KAV.

Det kan i rekneskapen for 2022 sjå ut som KAV har mykje høgare inntekter og utgifter enn vanleg i 2022. Dette stemmer ikkje, men vi har endra oppsettet og samla alle inntekter og utgifter, også det som går på prosjekt og oppdrag, i ein totalrekneskap. Vi har også lagt inn verdien av tenester vi yter som vert kompensert av ikkje-økonomiske tenester frå fylkeskommunen; Denne er for tida sett til kr. 1 680 000. Dei samla inntektene for 2022 var på kr. 10 826 054, og av dette var eigartilskot og depotleige innanfor budsjetttramma, med kr. 2 843 470 og kr. 2 635 260. Dei samla utgiftene var på kr. 10 515 768. Resultatet på kr. 310 286 er foreslått ført på driftsfond.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av KAV sin økonomiske situasjon.

Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar  
Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar  
Katrine Wilson (Vestland Fylkeskommune)  
Arnvid Hovland (Høyanger kommune)  
Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)

# Økonomi

## Budsjett og rekneskap 2022

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 20221	Notar
<b>INNETEKTER</b>				
Eigartilskot	2 843 470	2 846 198	2 796 090	1
Depot	2 635 260	2 635 261	2 570 989	1
Ikkje-økonomiske bidrag frå Vestland fylkeskommune	1 680 000			2
Inntektsføring fond	2 926 537			3
Andre inntekter	740 787		21 145	4
<b>TOTALSUM INNETEKTER</b>	<b>10 826 054</b>	<b>5 481 459</b>	<b>5 388 224</b>	
<b>UTGIFTER</b>				
Tenester til Vestland fylkeskommune, kompensert av ikkje-økonomiske bidrag	1 680 000			2
Løn og sosiale kostnader, inkl. prosjekt	6 795 183	5 171 407	2 626 347	5
Driftsutgifter	1 072 710	810 052	719 749	
Utgifter prosjekt	123 364			6
Avsetjing til prosjektfond	844 511			
<b>TOTALSUM UTGIFTER</b>	<b>10 515 768</b>	<b>5 981 459</b>	<b>3 346 096</b>	
<b>RESULTAT</b>	<b>310 286</b>	<b>-500 000</b>	<b>2 042 128</b>	7

### Notar

- 1) Eigartilskot og depotleige vart regulert med 2,5 % som var estimert kommunal deflator for 2022. Løns- og prisveksten viste seg å vere høgare enn dette, men vi held oss innanfor budsjettamma, og har difor ikkje behov for å gjere justeringar.
- 2) For å synleggjere verdien av dei ikkje-økonomiske bidraga KAV får frå VLFK, i tråd med oppfølging av tilrådingar i arkivutgreiinga, legg vi inn summen som ligg i gjeldande tenesteavtale.
- 3) Fondsmidlar disponible til ferievikarar, prosjektmedarbeidar og stillingsressursar til digitaliseringsarbeid i 2022.
- 4) Mva. kompensasjon, refusjon av sjukepengar, innbetaling i samband med deltaking på Kontaktkonferanse og fakturering av prosjektkostander digitalisering.

- 5) Fagleiar, fem rådgjevarar, tre konsulentar på digitalisering, ferievikararar og ei mellombels stilling som er plassert i prosjektet "Skulen min" og finansiert dels med eksterne prosjektmidlar, dels med overskot frå driftsmidlar frå 2021. Denne er flytta frå "engasjement" i budsjett.
- 6) Dette er i all hovudsak ei overføring av prosjektmidlar til IKA Kongsberg, då ansvaret for oppfølging av prosjektet Arkivplan.no har vorte flytta frå oss til dei.
- 7) Overskot er foreslått avsett til Kommunearkivordninga sitt driftsfond.

## Fondsutvikling

Driftsfondet pr. 31.12. 2021	1 445 378
Overskot 2021 som var ført på driftsfond 1.1.2022	2 042 128
Bruk av driftsfond 2022	-500 000
<b>Driftsfondet pr. 31.12.2022 (før resultat 2022)</b>	<b>2 987 506</b>
Overskot foreslått avsett til driftsfond	310 286
<b>Driftsfondet pr. 1.1.2023 (etter resultat 2022)</b>	<b>3 297 792</b>
Prosjektfondet pr. 31.12. 2021	3 650 727
Inntekstføring frå prosjektfond i 2022	2 426 537
Avsetjing til prosjektfond i 2022	844 511
<b>Status prosjektfond 31.12.2022</b>	<b>2 068 701</b>

# Organisasjon

## Medlemmer

Det var ingen endringar på dette området i 2022, og samarbeidet hadde følgjande deltakarar:

- Askvoll kommune
- Aurland kommune
- Bremanger kommune
- Fjaler kommune
- Gloppen kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Stad kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune
- Stryn kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

## Representantskap

Representantskapet er øvste myndigheit i samarbeidet. Alle deltakarane er representert her. I 2022 vart det halde digitalt representantskapsmøte 24. juni.

# Styre

I 2022 var desse i styret:

## Styremedlemmar

- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar
- Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar
- Katrine Wilson (Vestland Fylkeskommune)
- Arnvid Hovland (Høyanger kommune)
- Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)

## Varamedlemmar

- Reidun Sørestrand Hågvar (Sogndal kommune)
- Irene Sivertsen (Kinn kommune)
- Solveig Masdal Haugsvær (Sunnfjord kommune)
- Nina Helen Flatebø (Sogndal kommune)

# Organisasjonsform

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap er ei samarbeidsordning mellom 18 kommunar og fylkeskommunen i Vestland. Samarbeidet er ei vidareføring av Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane som først vart oppretta i 1986, og som vart ei fast ordning frå 1991. Frå 01.01.2020 er Vestland fylkeskommune ny medlem, vedtektene er endra, og samarbeidet er etablert som kommunalt oppgåvefelleskap heimla i ny kommunelov § 19.

Følgjande avtalar har lege til grunn for arbeidet ved kommunearkivordninga i 2022:

- Avtale mellom kommunane og Fylkesarkivet frå 1999
- Avtale mellom Vestland fylkeskommune og Fylkesarkivet frå 2020
- Avtale om depotordning for papirarkiv mellom einssilde kommunar og Fylkesarkivet frå 2005
- Avtale om depotordning for elektroniske arkiv mellom kvar enkelt kommune og fylkeskommunen, og Fylkesarkivet frå 2005

# Tilsette

Alle som jobbar for Kommunearkivordninga er fast tilsett i Vestland fylkeskommune. Gjennom gjeldande tenesteavtale disponerer Kommunearkivordninga i Vestland desse stillingsressursane.

## Fast tilsette

Desse jobba for Kommunearkivordninga i 2022:

- Arnt Ola Fidjestøl, dagleg leiar 50%
- Sigrun Espe, fagleiar
- Espen Sæterbø, seniorrådgjevar
- Kristine Rohde, seniorrådgjevar
- Dorthea Rennestraum Alisøy, rådgjevar



- Olav Andersson Haugen, rådgjevar
- Kristian Lilleeng Skjellaug, rådgjevar
- Hege Mari Kolseth, førstekonsulent digitalisering
- Anna Zubkova, konsulent digitalisering
- Anett Ytre-Eide, konsulent digitalisering

## Mellombels tilsette og engasjement

Hausten 2022 fekk vi ein prosjektmedarbeidar som er dels finansiert av prosjektmidlar frå Arkivverket, og dels av driftsoverskotet frå dei siste åra:

- Sigrid Solheim, spesialkonsulent prosjekt

Vi hadde tre ferievikarar som jobba for oss i 2022. Dei jobba dels for Kommunearchivordninga og dels med ikkje-offentlege arkiv:

- Simen Myhre
- Alexander Fotland Iversen
- André Kjerpeseth Svarstad

Hausten 2022 hadde vi ein praksisstudent frå Høgskulen på Vestlandet. Ho var involvert i arbeidet både ved Kommunearchivordninga og fageininga Ikkje-offentlege arkiv:

- Karoline Maana Thoresen

## Styring og kontroll av verksemda

Her kan du lese om kontrolltiltak og risikovurderingar, HMS, etikk, varsling og personvern med meir. Alle desse punkta ber preg av at Vestland fylkeskommune er kontorkommune, og alle som jobbar for kommunearchivordninga er fast tilsett i fylkeskommunen. Kommunearchivordninga i Vestland har ein avtale om å disponere desse stillingane. Sjå elles Vestland fylkeskommune si årsmelding for meir informasjon og rapportering.

## HR, kvalitet og HMS

Kvalitet, HMS, beredskap og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er vertskap for Kommunearchivordninga. Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet sitt med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular, administrasjonsstadar og i ei rad avdelingar og seksjonar. Eit eige AKAN-utval er òg etablert. Vi nyttar eit digitalt kvalitetssystem (Styringssystemet for kvalitet og HMS), eit verktøy som sikrar at arbeidsoppgåver og prosessar blir gjennomført på ein heilskapleg måte.

Kommunearchivordninga er ikkje eiga journalførande eining, men nyttar sak- og arkivsystema til Vestland fylkeskommune. I 2022 har vi fått på plass nytt system, Elements.

## Etikk og habilitet

Alle som jobbar for Kommunearchivordninga i Vestland følger etiske retningslinjer som gjeld tilsette i Vestland fylkeskommune. Desse skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova. Dei vart vedtekte av fylkesutvalet i desember 2019. Som offentlege tilsette forvaltar vi verdiane til innbyggarane i Vestland. Vi er avhengige av deira tillit til at vi utfører jobben vår i samsvar med m.a. forvaltningslova og med høg etisk standard.

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt, opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen

## Likestilling, likeverd og inkludering

Aktivitets- og orienteringsplikta er ei plikt for alle arbeidsgjevarar til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. I Vestland fylkeskommune er arbeidet med likestilling og mangfald forankra og integrert i Vestland sin utviklingsplan (2020–2024) og temaplan for likeverd (2017–2021) utarbeidd av Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen fekk nye rutinar for varsling i 2022, og alle tilsette har fått tilbod om å delta i digitalt lynlæringskurs gjennom sju leksjonar. Varslingsrutinane er eit viktig bidrag til eit helsefremjande og forsvarleg arbeidsmiljø, og fylkeskommunen ønskjer å leggje til rette for eit godt ytringsklima i organisasjonen.

Kommunearchivordninga har ingen medarbeidarar i deltidstillingar, og hadde i 2022 berre ferievikarar og praksisstudentar inne i mellombelse stillingar.

Stoda for kjønnslikestilling i Kommunearchivordninga er slik: Av dei med fast jobb 31.12.2022 var fire menn og seks kvinner. Styret bestod på same tidspunkt av to menn og tre kvinner, der leiar er mann og nestleiar er kvinne.

Avtalt løn var i 2022 fordelt jamt mellom kjønn innanfor dei ulike stillingsgruppene.<sup>1</sup>

		Årslønn 'Brutto'
Arbeidsstad	Kjønn	2022
<b>Gjennomsnitt</b>		<b>554 615,15</b>
121 - KII - Arkiv Leikanger	Kvinne	546 095,83
121 - KII - Arkiv Leikanger	Mann	577 333,33

## Sjukefråvær

Statistikken for 2022 viser eit sjukefråvær på totalt 10,89 %, ei markant auke frå tidlegare år. Dette skuldast i all hovudsak ei langtidssjukemelding. Viss ein ser på korttidssjukefråvær så ligg dette på 2,85%, som er det same som totalen for 2021.

---

<sup>1</sup> Dagleg leiar si løn er ikkje medrekna i denne oversikta.

# Rådgeving

Kommunearkivordninga gir råd og rettleiing til alle kommunane i oppgåvefellesskapet.

Arkivdanning er ein samlebetegnelse for dei prosessane som fører til at arkiva vert skapt. I praksis handlar dette om organiseringa av dokumentproduksjonen og dokumentflyten som høyrer til denne. Det er naudsynt med gode rutinar som sikrar best mogleg forståing av korleis arkiva har blitt skapt i notida og i framtida, i tillegg til at ein følgjer lover og forskrifter.

Medlemskommunane har eit kontinuerleg behov for rettleiing på området, enten det gjeld bevaring/kassasjon av skapt dokumentasjon, spørsmål knytt til daglegarkiv eller organisering av arkiva.

Arkivplan er eit planleggings- og styringsreiskap for arkiv og forvaltning av dokumentasjon i offentlege organ. Arkivforskrifta § 4 seier at alle offentlege organ skal ha ein arkivplan som er oppdatert og dekkande for arkivholdet slik det vert utført i organet. Vårt arbeid med arkivplan er først og fremst ein rådgjevarrolle for kommunane.

## Satsingsområde 2022:

- Utvikle ein funksjonsbasert arkivplan i lag med kommunane.

Arbeidet med funksjonsbasert arkivplan for kommunane vart ikkje fullført i 2022. Det er eit arbeid som vil halde fram med i 2023. Stad kommune, Luster kommune og Vestland fylkeskommune har pågåande arbeid med arkivplanar.

- Få kommunane i gang med bevarings- og kassasjonsarbeidet.

I 2022 har vi vore involvert i oppstarten av eit arbeid med bevaring og kassasjon i kommunane Gulen og Aurland. Som medlem i IKT Nordhordland, jobbar desse to kommunane med ein felles mal som skal munne ut i ein heildekkande bevarings- og kassasjonsplan. Verdien av dette arbeidet er rimeleg stort, då mykje av det kan gjenbrukast av alle andre kommunar. Det vil vera naudsynt med nokre lokale justeringar, då det er den enkelte kommunen som må gjere bevaringsvurderingane

- Gjennomføre rettleiing i form av webinar og rettleiingsvideoar.

Vi har i 2022 publisert instruksjonsvideoar for å retteleie i bruk av våre excel-skjema. Desse er delt i den nye Teams-kanalen vår.

- Lage nye instruksar i samband med deponering til nytt arkivbygg.

Vi har i 2022 jobba fram nye deponeringsinstruksar som skal forankrast i alle kommunane i 2023 og 2024. Vi har revidert og justert på krava til deponering, slik at det skal vere mogeleg både for oss og kommunane å få deponert og teke imot store mengder analoge arkiv på kort tid.

- Etablere eit Teams-område for medlemskommunane.

Vi har fått på plass eit Teams-område for dei som jobbar med arkiv i medlemskommunane. Det har teke litt tid for alle å få tilgang, men vi har så smått begynt å dele driftsrapportar og informasjon om arrangement med meir i denne kanalen.

## Depot

Kommunearkivordninga har sentraldepot for analoge arkiv frå 18 kommunar og fylkeskommunen. Vi tek også imot digitale arkiv frå kommunane. Deponering av arkiv er kommunane sitt ansvar, og det er dei som må ta kontakt med oss for å starte denne prosessen. Kommunearkivordninga tek så ansvar for mottak, ordning, tilgjengeleggjering og sikring.

## Mottak av arkiv

I 2022 har det gått mykje tid til å klargjere magasin 1 og 2 for tømning av magasin 3 og mottak frå Vestland Fylkeskommune i samband med ombygging av fylkeshuset. Det er lite kapasitet i eksisterande magasin, og vi oppmodar kommunane om å vente med nye deponeringar om mogeleg. Vi har praktisert ei mild form for inntaksstopp til depot i 2022, men gjer sjølvstakt vårt beste for å kome dei kommunane som har behov i møte. Vi har mellom anna leigd ekstra arkivrom hjå Statens Vegvesen. Men dei neste par åra vil vi måtte prioritere å ta imot berre dei mest kritiske arkiva.

I 2022 tok vi hovudsakleg i mot personregistermateriale, det utgjorde omtrent 107 hm. Av nyare administrativt arkiv tok vi imot omtrent 63 hm, der mesteparten er frå Vestland fylkeskommune. Vi tok imot noko eldre arkiv, hovudsakleg skuleprotokollar, frå Kystmuseet i Florø og Sunnfjord museum. I tillegg leverte Gloppen kommune inn meir arkivmateriale som er ein del av ordningsprosjektet som vi skal starte opp i 2023.

### I 2022 har vi teke imot desse analoge arkiva:

- Tannhelse:
  - Bremanger, 6 hm.
- Personregister
  - Aurland, 3 hm
  - Sunnfjord, 98 hm
- Administrativt arkiv:
  - Aurland kommune, 0,4 hm
  - Gaular kommune v/Sunnfjord museum, 1 skuleprotokoll
  - Kystmuseet, 0,32 hm



- Kjølisdalen Montessoriskule, 0,2 hm
- Sogn og fjordane fylkeskommune, 62 hm.
- Gloppen kommune

### **I 2022 har vi teke imot digitale arkiv:**

Pr. desember 2022 hadde vi motteke 136 digitale arkiv frå våre medlemmar. Total størrelse på motteke deponeringar er ca: 300 Gb fra ulike fagsystem og 1.15TB (1150 Gb) frå sak/arkiv-system i kommunane. Følgjande kommunar har teke uttrekk frå eitt eller fleire system og deponert dette til Kommunearkivordninga i Vestland KO:

Fagsystem: Askvoll kommune, Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Eid kommune, Fjaler kommune, Førde kommune, Gulen kommune, Gloppen kommune, Hornindal kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Jølster kommune, Leikanger kommune, Selje kommune, Vågsøy kommune, Stryn kommune, Vik kommune, Sogn Barnevern og Sogn PPT (Sogndal kommune).

Sak-/arkivsystem: Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Eid kommune, Fjaler kommune, Gulen kommune, Gloppen kommune, Høyanger kommune, Leikanger kommune, Luster kommune, Naustdal kommune, Vik kommune, Selje kommune, Sogndal kommune, Førde kommune, Eid kommune, Vik kommune, Vågsøy kommune, ÅLAV, Årdal kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

## **Nytt depot på Leikanger i 2024**

### **Satsingsområde 2022:**

- Sikre tilslutning og oppstart av byggeprosess.

Nytt arkivbygg med Vestland fylkeskommune som byggherre var avhengig av stadfesting på minst 80% av tidlegare innmeldt behov frå kommunane i oppgåvefelleskapet. Vi fekk positive tilbakemeldingar frå alle kommunane, noko som førte til at Vestland fylkeskommune forplikta seg til å bygge eit nytt arkivbygg på Leikanger i 2023-24.

- Utarbeide nye avtalar for kommunane.

Vi har vore i tett dialog med eigedomstenesta i fylkeskommunen som jobbar med leigeavtalar for å sikre at vi får gode avtalar på plass. Vi har gjort nokre grep for å sikre at oppgåvefelleskapet kan stå som leigetakar i staden for at kvar kommune må ha eigne avtalar med fylkeskommunen. Dei endelege avtalane mellom kommunane og Kommunearkivordninga kjem mest sannsynleg på plass i 2023.

- Følgje opp kommunane tett med tanke på å planlegge deponering av arkiv.

Vi har i 2022 begynt å informere kommunane om prosessen fram mot nytt arkivbygg, og vi har jobba internt med å lage rutinar for kva som må skje før vi kan ta imot arkiva frå kommunane. Vi kjem til å legge planar for kommunebesøk og tett dialog om korleis kommunane kan førebu avlevering. I 2022 gjennomførte vi ein liten pilot med Sogndal kommune der vi besøkte tre arkivlokasjonar for å vurdere, kartlegge og diskutere kva som må skje i kommunen og hjå oss i åra som kjem. Dette kjem alle kommunane til å høyre meir om i 2023.

- Kartlegge behov for deponering i kommunane og gjere prioriteringar.

Vi er i kontinuerleg dialog med kommunar som har dårlege arkivrom og som har behov for å deponere papirarkiv. I den fasen vi er i no ber vi kommunane vente med å deponere til nytt arkivbygg står klart om det er mogeleg. Viss det ikkje går, forsøker vi så godt vi kan å finne plass i magasina våre. Målet vårt er at vi alltid skal ha ein liten buffer for å ta imot krise-arkiv.

Byggeprosessen derimot vil ikkje påverke elarkivet i betydeleg grad. Kommunearkivordninga vil framleis halde deponeringsmottaket ope, handsaming av uttrekk vil gå som normalt, og rådgjevar vil vere tilgjengeleg gjennom 2022.

- Revidere instruksar for deponering.

Vi har i 2022 jobba fram nye deponeringsinstruksar som skal forankrast i alle kommunane i 2023 og 2024. Vi har revidert og justert på krava til deponering, slik at det skal vere mogeleg både for oss og kommunane å få deponert og teke imot store mengder analoge arkiv på kort tid.

- Tilby kommunane kurs og rettleiing i personregister basert på behov.

Enkelte tannklinikkar i Vestland fylke har fått opplæring i ordning av papirjournalar som skal til depot. Mesteparten av papirbaserte tannhelsejournalar er allereie i depot, men det står att noko rest som no skal deponerast. I løpet av året er det fleire kommunar som har fått rettleiing i pågåande ordningsprosjekt av personregister.



## Førespurnader

Kommunearkivordninga handterer førespurnader i hovudsak frå eigarkommunane og privatpersonar. Førespurnadene gjeld alle typar arkiv, men det som er mest etterspurt er eigedomsinformasjon, rettigheitsdokumentasjon, vegsaker og informasjon frå skulearkiv.

Naturlegvis har eit aukande tilfang av arkiv som er deponert ført til at tal førespurnader aukar kvart år.

I 2022 hadde vi i alt 600 førespurnader på deponerte arkiv. På arkiv som vi har inne til digitalisering behandlar digitaliseringstenesta fortløpande førespurnader, som kjem i tillegg til den kronologiske digitaliseringa av dei einskilde arkiva.

## Ordning av eldre arkiv

Ordning av eldre arkiv i våre depot inngår i basistenenestene til kommunane. I 2022 vart skulearkiva etter følgjande kommunar ferdig ordna:

- Balestrand
- Gaular
- Florø
- Hafslo

# Digitalisering og ordning

Kommunearkivordninga i Vestland tilbyr ordning og digitalisering av arkiv på oppdrag for våre medlemmar. Vi handsamar også førespurnader på arkiv under digitalisering, sokalla digitalisering på bestilling.

## Digitaliseringsoppdrag

I 2022 jobba tre medarbeidarar fast med det vi kallar fullskanning: Då startar vi på gbnr. 1/1 og skannar oss kronologisk igjennom heile arkivet. Skulle kommunen trenge eit gbnr. før vi har kome dit i fullskanningsprosessen, kjem dette som digitalisering på bestilling (DPB) og blir teke ut av rekkefølge. Slik får kommunen heile tida tilgang til det dei treng i arkivet sitt, uansett kor langt vi har kome i skannejobben. DPB er ein del av avtalen, og inkludert i det kommunane betalar for digitaliseringsarbeidet.

Vi jobba i all hovudsak med tre store digitaliseringsprosjekt i 2022: byggesaksarkiva frå tidlegare Eid, Førde og Fjaler.

Ein digitaliseringsmedarbeidar jobba i 6 månader 50% med digitalisering og 50% i vikariat som rådgjevar. Framdrift på digitalisering i 2022 vart difor noko mindre enn venta.

To av dei faste bunkeskannarane våre vart bytta ut med nye i 2022, noko som bidreg til å halde oppe produktiviteten.

I 2022 kom vi i mål med digitaliseringa av fylkestingsforhandlingane frå Sogn og Fjordane. Dette er eit prosjekt finansiert av midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, og det har vore innom fleire prosjektmedarbeidarar før det no endeleg var ferdigstilt av ein av våre faste digitaliseringsmedarbeidarar i vinter. Alle protokollane skal i samarbeid med Vestland fylkeskommune tilgjengeleggjerast digitalt, eit arbeid vi tek tak i 2023.

## Ordningsoppdrag

Vi har ikkje hatt ordningsmedarbeidar i 2022, og fleire prosjekt er på vent. Vi har i fleire år jobba med å kome i gong med ordning av arkivet etter Gloppen, eit arkiv vi vurderer som prekært etter brannen i

heradshuset i 2016. Då Gloppen fekk sikra midlar til ordning på slutten av året, valde vi å prioritere utlysing av ordningsarbeidar for å kome i gong med dette. Dette kjem på plass i starten av 2023.

Vi skulle gjerne tilsett fleire ordningsarbeidarar for å halde fram med avtalefesta ordningsprosjekt, men mellom anna grunna ombygging på fylkeshuset og dårlege arbeidstilhøve i åra som kjem har vi vald å vente med dette.

# Arrangement

Arrangement er viktige møteplassar som danner grunnlag for fagleg dialog, utvikling og nettverksbygging. Vi har faste arrangement for medlemskommunane våre, og deltek ofte som arrangør av andre arrangement.

## Satsingsområde 2022:

- Arrangere kontaktkonferansen i Sunnfjord i løpet av mai/juni

I mai/juni arrangerte vi Kontaktkonferansen for medlemskommunane. Det var to gode og nyttige dagar i Førde. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar og ein del oppfølgingspunkt til neste arrangement.

- Arrangere kontaktmøte før årsslutt

Onsdag 23. november arrangerte vi det årlege kontaktmøtet for kommunane. Det vart gjennomført som eit hybrid-møte. 14 deltakarar frå seks ulike kommunar deltok fysisk på Leikanger, 27 deltok digitalt. Alle kommunane var i utgangspunktet påmeldt, men ein trakk seg.

- Arrangere arkivdagen i lag med resten av seksjon arkiv

Arkivdagen 2022 vart markert...

- Arrangere kurs i lokalhistoriewiki

Vi rakk ikkje arrangere kurs i lokalhistoriewiki i 2022.

- Medarrangør på lokalhistorisk dag

Våren 2022 var tilsette ved kommunearkivordninga med på å arrangere Lokalhistorisk webinar, som ein del av seksjon Arkiv i samarbeid med seksjon for Bibliotekutvikling. Arbeidsgruppa bestod av totalt fem personar og er ein del av samarbeid i eigen seksjon, men og ein del av målet om arbeid på tvers av seksjonar/avdelingar i organisasjonen. Webinaret hadde følgjande tema: Lokal medverknad i arbeid med kjelder.

- Markere skeivt kulturår i lag med resten av seksjon arkiv

2022 var Skeivt kulturår, ei feiring for å dokumentere, formidle og diskutere skeiv kunst, kultur og historie. Skeive sine erfaringar, historie og kultur er ofte ikkje representert i arkiva, og er ein kvit flekk i



vår felles historie. Skeiv historie er ikkje berre historia til homofile, lesbiske, bifile, transpersoner, interkjønn og andre skeiv, men også historia til heile samfunnet vårt.

24. mars leia fagleiar ved Kommunearkivordninga i Vestland, Sigrun Espe, ein panelsamtale om korleis arkiv, kulturinstitusjonar og Wikipedia kan synleggjere og formidle skeiv historie. Arrangementet var på Litteraturhuset i Bergen, og var eit samarbeid mellom Wikimedia Norge og Skeivt arkiv, og ein del av markeringa av Skeivt kulturår 2022.

## Formidling

Vi jobbar med formidling fordi folk skal kjenne til at arkiva finst. Arbeidsfeltet *formidling* dekkjer arbeidet med informasjon til brukarar av arkivmateriale. Til dette arbeidsfeltet høyrer fylkesarkivet.no og tilhøyrande publiseringskanalar, registrering av arkiv og publisering av arkivkatalogar, digitalisering av kjelder, artiklar til ulike tidsskrift, foredrag og samarbeid med brukargrupper.

## Digitalarkivet

### **Satsingsområde for 2022: Gjere tilgjengeleg det digitaliserte arkivmaterialet vårt på Digitalarkivet**

Pågåande prosjekt med støtte frå Arkivverket skal knyte seg opp til Digitalarkivet. Dette gjeld prosjekt om Skulen min og møtebokregisteret. Begge prosjekta har vorte forseinka grunna Covid19-pandemien.

Hausten 2022 vart det tilsett prosjektmedarbeidar som jobbar med å klargjere skulehistoriske arkiv til publisering på Digitalarkivet. Arbeidet med å publisere digitalisert arkivmateriale på Digitalarkivet vert eit av satsingsområda våre i 2023.

## Digitalisering og publisering

### **Satsingsområde for 2022: Digitalisere utvalde arkivseriar frå alle kommunane**

Kommunearkivordninga har store mengder med papirarkiv i sine depot. Arkiva skal vera tilgjengelege og i Strategi- og økonomiplan punkt 2.2 er eit av hovudgrepa at arkiva skal mediekonverterast og digitaliserast, og presenterast på ein slik måte at alle lett kan finne fram.

Som del av det faste arbeidet vårt vart følgjande arkivstykke/arkivseriar digitalisert i 2022:

- Alle skuleprotokollar etter Balestrand kommune (1837 – 1964)
- Alle skuleprotokollar etter Florø kommune (1837 – 1964)
- Alle skuleprotokollar etter Gaular kommune (1837 – 1964)

Ved førespurnader om tilgang til protokollar digitaliserer vi ofte heile arkivstykket, sjølv om det kan berre vera utdrag førespurnaden gjeld. Etter digitalisering vert det ferdig digitaliserte arkivstykket langtidslagra i dokumentlageret vårt. Ut over digitalisering som følgje av førespurnader, så digitaliserer vi arkivserie for arkivserie, dersom vi har ressursane til det.

Digitaliserte protokollar som er yngre enn 60 år vert ikkje publiserte, men er tilgjengelege for digital kopi per førespurnad.

#### **Satsingsområde 2022:**

- Publisere manglande arkivkatalogar på Arkivportalen.

Ordning av eldre arkiv, registrering i Asta og publisering på Arkivportalen er ein viktig del av formidlingsarbeidet, og noko som er del av basistenestene i Kommunearchivordninga. Målet er at så mange arkivkatalogar som mogeleg skal vere tilgjengeleg på Arkivportalen, og katalogar som har vorte avpublisert grunna manglar og feil, må ut på nett igjen. Vi har ikkje kome i mål med dette i 2022, men held fram arbeidet i 2023.

- Noko ordning av eldre arkiv, etter denne prioriteringa: Gaular kommune, Davik kommune (Bremanger), Hyllestad kommune

I løpet av 2022 har skulearkiva etter følgjande kommunar blitt ferdig ordna:

- Balestrand
- Gaular
- Florø
- Hafslo

## Undervisningsopplegg

#### **Satsingsområde for 2022: Bidra inn i eit pedagogisk opplegg for skulesektoren**

Fylkesarkivet har i mange år hatt ein samarbeidsavtale med Leikanger Ungdomsskule. Ungdomsskulen vitjar fylkesarkivet med ein klasse kvart år i samband med prosjektarbeidet «bygda vår», og vi på arkivet stiller med presentasjonar og omvising i magasina. Etter at ein i 2021 måtte justere opplegget grunna covid-19, vart det i 2022 gjennomført undervisningsopplegg som normalt.

## Heimeside, sosiale medium og fagartiklar

#### **Satsingsområde for 2022: Jobbe med internskulering i bruk av våre eigne formidlingskanalar.**

Formidlingsarbeidet vårt på nett er i alle hovudsak via kanalar som vi har saman med fageining for ikkje-offentlege arkiv, der vi framleis brukar Fylkesarkivet som nemning.

I 2022 fekk seksjon arkiv tilsett ein ny person i stillinga rådgjevar for digital kulturformidling ved fageininga for ikkje-offentlege arkiv. Dette er ein ressurs som jobbar med formidling på tvers av fageiningar og seksjonar i heile kulturavdelinga. Skulering av denne ressursen har vore ei prioritert oppgåve også for Kommunearchivordninga i 2022.

Ny prosjektmedarbeidar har også fått fleire oppgåver innanfor formidling, og har saman med rådgjevaren som har hatt oppfølgingsansvar tileigna seg ny kunnskap på området.

#### Publiserte saker

- Fylkesarkivet.no: 27 nyhendesaker
- Facebook: 91 innlegg og 2 historier / rekkevidde 36 834
- Instagram: 61 innlegg og 41 historier/ rekkevidde 2 738

**Satsingsområde for 2022: Produsere fagleg innhald til egne og eksterne publiseringskanalar, deriblant heimesider, Arkheion og KL/Grind.**

Vi har jobba med KL/Grind-prosjektet i 2022, men løysinga er ikkje ferdigstilt, så vi har ikkje prioritert produksjon av nytt innhald.

Arkheion har i 2022 vorte erstatta av ein nytt arkivfagleg tidsskrift. Den første utgåve kom på slutten av året i 2022, vi hadde ikkje bidrag i denne utgåva, men har snakka om å produsere fagartiklar til ei av utgåvene som kjem i 2023.

# Satsingar og kompetanseheving

## Prosjekt

### Skulen min-prosjektet

Vi fekk på slutten av året 2020 midlar frå Arkivverket til å gjennomføre eit prosjekt for å knytte skuleprosjektet opp til Digitalarkivet. Grunna forseinkingar i utviklingsarbeidet hjå Digitalarkivet og covid 19-pandemien, var dette arbeidet utsett. Hausten 2022 vart det tilsett ein person i eit års prosjektstilling tilknytta Skulen min. Arbeidet knyter seg både til registrering av metadata, digitalisering og formidling av skulearkiva våre.

I 2022 har det blitt gjort eit stort arbeid med å fullføre tidlegare påbegynte arbeid knytt til skulearkiv. Av dei historiske kommunane er Balestrand, Florø og Gaular kommunar er både ordna ferdig og blitt digitalisert. Arbeidet med ordning er gjort av tilsette ved Kommunearchivordninga og prosjektmedarbeidar. Digitalisering av materialet er gjort av både sommarvikarar, studentar frå HVL, prosjektmedarbeidar og tilsette ved Kommunearchivordninga. Det blir teke sikte på å ferdigstille arbeidet med kommunane som no er ferdig ordna og digitaliserte i løpet av første halvår i 2023. I dette ligg publisering av arkivkatalogar i Arkivportalen og digitaliserte protokollar på Digitalarkivet.

## Møtebokregisterprosjektet

**Satsingsområde for 2022: Gjennomføre forprosjekt på møtebokregister i samarbeid med resten av seksjon arkiv.**

Vi skulle fullføre forprosjektet om nytt møtebokregister i 2022, men prosjektet vart først forseinka grunna Covid19-pandemien. Hausten 2022 fekk i tillegg seksjon arkiv nye prosjektmidlar midlar til å gjennomføre eit anna prosjekt som også skal gå inn som ein del av økosystemet rundt Digitalarkivet, noteprosjektet. For å sikre best mogeleg samkøyring og gode synergieffektar mellom dei to prosjekta har vi bestemt oss for å kople desse to prosjekta tett saman. Begge prosjekta vart difor utsett til 2023.

## KDRS

Kommunearkivordninga er medlem i og ein av eigarane av Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA (KDRS). Eigarane er kommunale og interkommunale arkivinstitusjonar frå heile landet.

Det er mykje diskusjon i arkivmiljøet om KDRS si rolle opp mot Digitalarkivet. Arkivverket har gjennom Digitalarkivet fått i oppdrag av regjeringa å utvikle, forvalte og drifte ei nasjonal fellesløsning for arkiv. Digitalarkivet skal bli en fellesløsning for mottak, bevaring og publisering av digitale, historiske data frå hele arkivfeltet.

Kommunearkivordninga har delteke i strategiprosessen til KDRS og har mellom anna vore med på strategisamling i Oslo, saman med andre KAI-institusjonar. Denne prosessen la grunnlaget for ny strategi som peikar ut retning for kva KDRS skal jobbe med, tilby og vere i framtida.

KDRS vedtok i juni ny strategi som gjeld for 2022-2025. Her vert det lagt vekt på at Digitalarkivet ikkje er ferdigstilt, og at det enno ikkje er klart kva kommunane vil få gjennom løysinga. Det er naturleg å tenke at Digitalarkivet på sikt vil tilby ei teneste for digital langtidsbevaring som det vil vere relevant for KDRS sine medlemmar å ta i bruk. Men tenesta vil berre innehalde basisfunksjonalitet, og vil ikkje vere tilpassa kommunal sektor sine behov.

KDRS ser føre seg å avvikle tenesta for digital langtidsbevaring og utvikle seg i retning av å bli en tenesteleverandør som kan levere verdiaukende tenester for medlemmane knytt til Digitalarkivet. Men dette vil ikkje skje før miljøet er trygge på at Digitalarkivet kan tilby ei brukarvenleg teneste som tek vare på kommunal sektor sine grunnleggande behov, samt at langsiktig prismodell er avklart.

Framtida for KDRS vil vere fokusert på utvikling av tenester tilpassa kommunale arkivinstitusjoner i Digitalarkivets økosystem og på vidareføring og utvikling av eit fagleg fellesskap som tilbyr nettverk og kompetansebygging.

## Reiser og representasjon

Både dagleg leiar og fagleiar deltok på KAI-leiarmøte på Gardermoen i februar. Dette er ein møteplass for Arkivverket og leiarane for kommunearkivinstitusjonar i landet.

To tilsette deltok på fylkeskommunen sin kulturkonferanse i Bergen i november der hovudtema var frivillighet.

Seks tilsette deltok på den årlege KAI-konferansen, for alle kommunearkivinstitusjonar i landet. Det var Oslo byarkiv som arrangerte, saman med Arkivforbundet, og konferansen var i Oslo. Nettverksbygging og fagleg utveksling og utvikling er ein viktig del av denne konferansen.

## Kurs og opplæring

Elarkivar har vore på hospitering hjå KDRS i Trondheim og to tilsette har teke innføringskurs i Asta.

## Frivillig arbeid

### Satsingsområde 2022:

- Lage ein plan for involvering av frivillige i registreringsarbeid og digital dugnad

Frivillige sit på mykje kunnskap og kompetanse som kan auke kvaliteten og tilgangen til kommunale arkiv. Vi har ikkje gode nok system på plass for å dra nytte av frivillig innsats, og har lyst å jobbe med å vidareutvikle dette. Vi har ikkje hatt tid til å jobbe med dette i 2023, men vil plukke opp igjen initiativet når nytt arkivbygg er på plass.

## Deltaking i regionale og nasjonale samarbeid og prosjekt

Vi deltek i KAI-fagforum, eit arkivfagleg forum for tilsette som jobbar med arkivdanning i KAI-institusjonar i heile landet.

Kommunearkivordninga i Vestland deltek aktivt i samarbeidet mellom seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen om ei felles digital formidlingsløysing for natur- og kulturhistorie. Den nye tenesta skal erstatte dei eksisterande løysingane, Kulturhistorisk leksikon og Grind. Dagleg leiar er i styringsgruppa og fagleiar er i prosjektgruppa.

Vi har planar om å ha faste møte med IKA Hordaland for å utveksle erfaringar og dra nytta av kvarandre sin kompetanse. Det første møtet der begge styreleiarane, dagleg leiar frå IKAH og fagleiar frå KAV deltok, vart planlagt på slutten året 2022 og gjennomført i 2023.

## Praksisstudentar

Ein student frå Høgskulen på Vestlandet hadde ein 7 veker lang praksisperiode ved seksjon arkiv hausten 2022. I løpet av denne perioden jobba studenten både med arbeidsoppgåver knytt til Kommunearkivordninga og fageininga Ikkje-offentlege arkiv. Ulike oppgåver knytt til Skulen min utgjorde størstedelen av arbeidet for Kommunearkivordninga. Mellom anna vart det gjennomført registrering av metadata, digitalisering av skuleprotokollar, samt digital formidling retta opp mot nettstaden skulenmin.no

